

# Verksemdsplan 2009 – 10

## Uskedalen oppvekstsenter



### Visjon.

Tryggleik, trivsel og glede  
gir motivasjon til  
maksimal læring og utvikling  
for alle

Ei flott hegre pryder forsida av verksemdsplanen.

**I det skuleåret som no startar vil det bli gjennomført ei mobbeundersøking ved skulen i oktober, blir det opplyst i verksemdsplanen for 2009/2010.**

Planen strekar under at vi har eit godt og positivt miljø i Uskedalen, med ein høfleg og vennleg tone mellom barn og vaksne.

- Likevel er vi svært opptekne av å avdekke alle tendensar til mobbing og antisosial åtferd, som innimellom skjer i Uskedalen som dei fleste andre plassar. Vi har ei heilt klar haldning til at ingen skal føle seg mobba eller utrygge. Då skal vi reagere umiddelbart for å få uvesenet vekk, blir det understreka i planen.

Ei mobbeundersøking for elevar frå fjerde til sjuande klasse viste at det er elevar som ikkje har det så bra som ønskjeleg og dei vil bli fylgd opp kontinuerleg.

- Det er også gjort vedtak om at det skal gjennomførast ei tilsvarande mobbeundersøking mellom elevar i 4.-7.klasse kvart år, slik at ein kan følgje utviklinga og raskt ta tak i alle konflikhtar der nokon tillet seg å plage andre av ondskap eller for å hevde seg sjølve, heiter det i verksemdsplanen.

Verksemdsplanen står ellers fram i betre kvalitet enn tidlegare verksemdsplanar. Den er trykt i 200 eksemplar på det nye utstyret til AFA. Den er også rimelegare enn tidlegare planar - mellom 4.000 og 5.000 kroner - og den er illustrert, mellom anna med ei flott hegre på framsida.

Av planen går det mellom anna fram at det måndag 14. september blir innskriving av 2004-elevane og at det ddagen etter skal vera velkomstfest for førsteklassingane.

I veke 41 har skulen haustferie. Tenninga av julegrana og julemesse blir 4. desember. Vinterferien er i veke 8 og påskeferien i veke 13. Siste skuledag blir 22. juni.

Av Ola Matti Mathisen